

SLAVA UKRAINI

Årsmelding 2025

SLAVA UKRAINI vart stifta som ideell organisasjon / foreining den 12. oktober 2023. Stiftarar var George Farnes, Bjarne Lothe, Bård Magnus Fauske, John Olaf Fadum og Tore Wilken Nitter Walaker. Desse har også utgjort styret i heile perioden 2023-2025.

Foreininga har hatt som formål å støtte Ukrainas kamp for demokrati og friheit, gjennom å samle inn midlar for å kjøpe bilar og båtar som så skal donerast til det Ukrainske militæret.

Tal

Foreininga har i perioden samla inn i underkant av 2 millionar kroner og levert 34 bilar og 6 båtar til det Ukrainske militæret. 4 bilar til er kjøpt inn, men i skrivande stund enno ikkje overlevert.

I overkant av 50 ulike personar har vore engasjert for å køyre bilane og båtene til Ukraina. I tillegg har det vore eit stort engasjement i Norge for å samle inn midlar, kjøpe bilar / båtar og gjere desse klare til transport til Ukraina.

Arbeidet med bilane

Først blir det kartlagt kva behov det er for bil, her er man i kontakt med kontaktpersonar ulike stader i Ukraina, som er frivillege som bistår militæret med å skaffe utstyr som det militære treng.

Ei arbeidsgruppe i Norge får beskjed om at det finnes midlar til å kjøpe bil/-ar og denne gruppa sørger for å dekke behovet. Det er kjøpt 32 bilar og 6 bilar er donert. 4 av desse er ikkje køyrt ned på tidspunktet for skrivinga av denne årsmeldinga, men er i ferd med å bli køyrt til fronten.

Sjåførar blir rekruttert gjennom opne prosessar, ofte melder det seg mange, men ikkje alle har anledning til å køyre bil, når dei ikkje får dekka sine utgifter med å delta. Sjåførane bidrar mykje med både fri tid, tar seg fri frå jobb og brukar ei veke på ein tur. Sjåførane dekkar sine eigne kostnader til kost og losji og returreise. Einaste som blir dekka, er sjåførlugaren på ferjeturen mellom Sverige og Polen.

Det er alltid to sjåførar på kvar bil – dette er trygghet for både sjåførane og for foreininga, sidan me ikkje kjenner dei fleste sjåførane men overlater ein bil i deira hender, så er det viktig at bilen og sjåførane kjem trygt fram. Ved å vere 2 kan man hjelpe kvarandre med ulike

ting under turen. Sjåførane er dessutan viktige som ambassadørar for Ukraina og vår hjelp til Ukraina, og når dei er 2, så gir det betre nedslagsfelt i eit mulig innsamlingsområde – for å skaffe midlar til neste bilar som skal nedover.

Når sjåførar og bilar er klare, og mottakar er avklart og kvar bilen skal avleverast, så gjenstår det å lage tolldokumenter for bilen. Det er eit humanitært fond eller frivillig organisasjon som sørger for å utarbeide tolldokumenta for innførsel til Ukraina.

Bilane er i privat eige i Norge og blir gitt bort direkte frå denne private eigaren (som enten er eit av styremedlemene i SLAVA UKRAINI, eller den som donerar bilen). Bilane som blir gitt bort er så gamle at dei er nedskrivne i verdi og skattemessig blir dei satt til 1000 kroner i sjølvmeldinga til Skatteetaten. Det blir derfor ikkje laga noko eksportdokument på at bilane blir tatt ut av Norge og donert til det ukrainske militæret.

Profilering på bilane er viktig for å skape identitet til Norge og Ukraina, og skille bilane frå kvarandre, derfor får kvar bil eit namn. Profileringa blir satt på rett før avreise frå Norge, og det blir sørga for tilstrekkeleg med biletdokumentasjon på kvar enkelt bil som man kan bruke i historieforteljninga om kor viktig det er å hjelpe Ukrainas kamp for demokrati og friheit. Bilete og video, blir teke også på turen ned og ved overlevering. Det er i stor grad opp til sjåførane på turen å sørge for dette, og for å sørge for å fortelje historia om kva man held på med, i sitt nettverk.

Overleveringa av bilane skjer så nær fronten det er forsvarleg å dra: Våre sjåførar avtalar direkte med mottakarane av bilen, soldatar frå den militære enheten som skal ha bilen, om kvar og når overlevering skjer. Før avreise er det satt ein plan i form av ei reiserute og når man er forventa å dukke opp ved avtalt overleveringsstad. Men det kan skje forseinkingar, spesielt ved at det kan vere noko feil med bilen.

Alle bilar som blir overlevert til det ukrainske militæret er såleis køyrt 2500-3000 kilometer av oss fram til overlevering. Det er gamle bilar av solide merker, så dei skal normalt fint tåle ein slik tur. Dersom noko dukkar opp undervegs, skal bilen tas inn til verkstad og fiksast umiddelbart, slik at man kan komme seg raskt vidare, og at det skjer ei overlevering som tenkt. Bilen som blir overlevert skal vere i normal, køyrbar stand.

Hundemat

Kassebilar med lastekapasitet blir utnytta til å fyllast med hundemat som så blir køyrt til hundesheltre to-tre stader i Ukraina. Ei gruppe i Norge som samlar inn donert hundemat, brukar våre bilar til å køyre ein del av denne hundematen til desse hundesheltra, mot at litt av transportkostnaden blir dekkja (ca dieselutgiftene til den aktuelle bilen).

I løpet av perioden har SLAVA UKRAINI overlevert ca 8,6 tonn hundemat til desse sheltra, altså i samarbeid med den frivillege gruppa i Norge.

Arbeidet med båtar

Ein stor RIB-båt vart kjøpt inn av donerte midlar i slutten av 2023 og frakta ned til elvebreidda av Dnipro i januar 2024. Etter dette har det blir sendt 5 båtar til, til saman 6. Dei fleste av båtane er donerte båtar, men det har vore kostnader ved motorane og oppussing av båtane, samt transportkostnad. Dei 5 siste båtane har blitt tatt på hengar bak ein bil, mens den første vart det kjøpt inn trailertransport.

To båtar er skaffa i Stavanger / Haugesund-området, saman med bil og hengar, og køyrt derfrå, av medlemmer av SLAVA UKRAINI i dette området. Desse har også skaffa to små RIB-båtar som vart tekne til Oslo, og som så vart pussa og gjort i stand i verkstaden me oppretta for dette formålet der. I Oslo fekk med støtte frå Oslo kommune til husleige av eit verkstadlokale til dette formålet, i ¾ år. Eit par frivillege jobba med klargjering av båtar der.

Prosedyra med båtar er som med bilar: Oversikt over behov, skaffe båtane og gjere båtane klare, gjere dokumenter klare og skaffe transport. Det har vist seg å vere relativt sett meir arbeid med båtar enn med bilar, når desse båtane må tas inn, gjerast klare, og så transporterast ned bak ein bil. Den første RIB-båten på 9,5 meter, som vart tatt på lastebil, var relativt sett minst problematisk, då den var klar og det berre var å bestille transportkapasitet til den.

Reknskap

Reknskap og forretningsførsel er utført av styremedlem Bjarne Lothe og blir avgitt til årsmøtet samtidig med denne årsmeldinga.

For styret i SLAVA UKRAINI

Oslo, 26.3.2025

Tore Wilken Nitter Walaker

Styreleiar

John Olaf Fadum

Styremedlem

Bjarne Lothe

Styremedlem

George Farnes

Styremedlem

Bård Magnus Fauske

Styremedlem